
Fra: noreply@regjeringen.no
Sendt: 25. oktober 2016 08:25
Til: Postmottak KMD
Emne: Nytt høringssvar til 14/5626 - Høring – Organisering av eiendomsoppmålingen. Forslag til endringer i matrikkellova mv.

Referanse: 14/5626
Høring: Høring – Organisering av eiendomsoppmålingen. Forslag til endringer i matrikkellova mv.
Levert: 25.10.2016 08:24
Svartype: Med merknader
Kontakt avsender: Ål kommune
Kontaktperson: Reidun Aaker
Kontakt-e-post: reidun.aaker@aal.kommune.no
Tittel: Høyringsuttale frå Ål kommune - organisering av eigedomsoppmålinga

Uttalelse:

Regjeringa foreslår no å fjerne det kommunale ansvaret for oppmåling av nye eigedomar. Det er forslag om at Kartverket skal overta føringa i matrikkelen, og at det skal etablerast ein privat bransje for eigedomsoppmåling. Framlegget legg opp til tre heilt atskilde roller: Oppmåling, arkivering og matrikkelføring. I dag løyser kommunen alle desse oppgåvene.

Forslaget er grunngjeve med at gebyra varierer frå kommune til kommune, at det er lang ventetid og at ein ynskjer eit skille mellom mynde (PBL) og tenesteproduksjon.

I møte på Gol den 13.10.2016, møttes matrikkelgruppa/landmålarane i kommunane Hallingdal for å diskutere seg fram til ei felles høyringsuttale. Dette er dei innspela ein vil gi:

Gebyr:

I dag er gebyret fastset etter sjølvkost i Ål kommune.

Ein ser for seg at gebyret ikkje vil bli mindre, det vil heller auke.

Privat bransje vil fakturere for reise, diett og moms. Oppmålingsgebyret er ikkje momsbelagt i dag.

For at kommunale foretak ikkje skal konkurrere med private foretak, er forslaget slik at arkivet skal ha ein eigen person som berre jobbar med arkiv. Kommunale foretak skal ikkje ha tilgang til arkiv. Ein ser for seg at dokumentasjon frå arkivet vil bli gebyrbelagt.

Gebyret vil sikkert bli mindre når det skal måles opp tomter i store utbyggingsfelt slik at store utbyggjarar i slike felt vil kanskje tjene på dette. Men små saker spredd ikring i kommuna vil bli dyrare å få gjort. I Ål kommune har vi i dag om lag 30% redusert gebyr ved fradeling av 5 tomter eller fleire i same område.

Ventetid:

I dag er tidsfristen for gjennomføring av ei oppmålingsforretning 16 veker frå vedtaksdato pluss 3 veker klagefrist. Alle Hallingdalskommunane har forkorta tidsfrist for gjennomføring på grunn av vintersesongen. Stopp av tidsfristen i vinterhalvåret er i samsvar med reglane i §§18 og 19 i forskrift om eigedomsregistrering. I Ål kommune gjeld ikkje fristen på 16 veker i perioden 15.oktober til 15.mai. Det er difor ikkje mogleg for kommunane i Hallingdal å kome ned på 30 dagar i snitt for gjennomføring av oppmålingssaker pga vinter og snø.

I forslaget er det fortsatt kommuna som skal gjera vedtak etter plan- og bygningslova §20-1 i fradelingssaker, og ein ser at også her vil det bli ventetid frå rekvisisjonstidspunktet fram til at det er gjort vedtak i saka.

Blir ansvaret for oppmåling lagt over på dei private firma vil fristen for oppmåling bli borte. Då kan resultatet bli at oppdraga der ein kan tjene mest pengar, vil bli prioriterte. Private foretak kan og nekte å ta på seg oppgåver dei ikkje tjener pengar på, så små saker kan bli liggjande utan å bli utførte.

Klage:

Høyringa legg opp til forbrukarklageordning dersom tenesta vert privatisert. Ei ordning der både offentlege- og private aktørar er involverte kan gjera at det blir vanskeleg for kunden å plassere ansvaret. Og kva skjer dersom privat aktør går konkurs?

Kommuna mister fagpersonar:

Kommunane vil sikkert fortsatt ha tildelt ansvaret for å ha oppdaterte kart. Fagfolk frå kart- og oppmålingsmiljø fungerer ofte som tekniske tilretteleggjarar, registrer geodata og har vore

pådrivarar for gis-verktøy. Dette forslaget fører med seg ei fare for at kommunane mistar både fagpersonar og kompetanse.

Høyringa legg fram forslag om auka kompetanse på fagfeltet. Slik matrikkelgruppa/landmålarane i kommunane Hallingdal ser det, vil det ikkje bli nokon forskjell i kompetansen for dei som skal utføre oppmålingsoppgåvene. Både private og kommunale landmålarar har den same utdanninga og skulane bak seg. Oppmålingsoppgåvene vil bli like gode eller dårlegare gjennomført samanlikna med no.

Kvalitet:

Det matrikkelgruppa/landmålarane i kommunane Hallingdal fryktar mest er konsekvensene for matrikkelen. Organiseringa i dag er effektiv og lite med misforståelsar og avvik frå plan og deleløyva. Partane får ein nøytral person frå ein offentlig etat til å gjennomføre sakene, og ein einsarta klageordning å forhalde seg til i heile prosessen.

Det er semje i Hallingdal om at matrikkelen ikkje er god nok til å bli privatisert enno.

- I dag veit kommuna kor matrikkelen er god og dårleg.
- Lokal kunnskapen som historikk, arkiv og slekt, som kommuna sit på og som er til stor fordel for publikum, vil bli borte og ikkje teke omsyn til.
- Ein ser ikkje for seg at nokon med landmålarcompetanse ynskjer å ha jobb som berre matrikkelførarar i kommunane.
- Kartverket, som matrikkelførar, vil kanskje skape vanskar for kommunane når det gjeld pålagte oppgåver som registrering av bygg og adresser. Korleis samarbeidet her skal forgå mellom kommunane og Kartverket er det ikkje sagt noko om.
- Korleis samarbeid mellom bygg/adressering/oppmåling i seksjoneringssaker skal utførast er det heller ikkje sagt noko om. Her kan ein sjå for seg lengre sakshandsamingtid enn dagens ordning.
- Kva for nye opplysningar som måtte liggje i matrikkelen som vil erstatte dagens arkivordning, er det heller ikkje sagt noko om i høyringa.
- Det vil bli dyrare for kommunane sjølve som ikkje lenger vil ha eigne landmålarar, og som difor må ha privatforetak til å utføre dei kommunale sakene.

Konklusjon: Ål kommune tilrår at dei foreslåtte endringane i organiseringa av eigedomsoppmålinga og i matrikkellova ikkje vert innført.

Vedlegg: -